

Leksehjelp og språkstøtte

Leksehjelp for elevar som har eit anna morsmål enn norsk. Her kan barn, ungdom og vaksne få hjelp til skularbeid og norskopplæring.

Måndagar 14.00-16.00

Språkkafé og språktrening

Vil du bli betre i norsk? Øv deg på å snakke norsk på vår språkkafé. Frivillige og deltakarar snakkar saman på norsk, drikk kaffe/te og gjer språkøvingar saman.

Onsdagar 13.30-15.30

Opningstider

Måndag	12-19
Tysdag	10-15.30
Onsdag	12-19
Torsdag	10-15.30
Fredag	10-15.30
Laurdag	10-14

Meiroke bibliotek:
Kvar dag: 08.00-22.00

Du må vera over 18 år og skrive kontrakt for å få tilgang til meiroke/sjølvetjent bibliotek.

Datahjelp

Du kan få enkel opplæring og hjelp til nettbrett, mobil og PC på biblioteket kvar torsdag, kl. 12.00 eller kl. 13.00.

Påmelding innan kl. 12.00 dagen før:
61 21 62 20
bibliotek@nord-fron.kommune.no



@nordfronbibliotek



facebook.com/nordfronbibliotek

Heimeside:
Nord-Fron kommune - Biblioteket

NORD-FRON BIBLIOTEK

Program haust/vinter 2026



Program for voksne



Billettsalg



Konsert: Visevind

Velkomen til visekonsert med Øyvind Sund (gitar, song), Tural Raphael (piano) og Pål Svindland (kontrabass).



Inngang: kr. 100,-

Billetter kan kjøpast på førehand på biblioteket.

Onsdag 9. september kl. 19.00

Sterke kvinner, mektig historie

Frøyas døtre, fra år 1000 til i dag

Forfatter Gunhild M. Haugnes fortel om bokserien "Frøyas døtre". Bøkene i serien følgjer ei kvinneslekt fra år 1000 og fram til i dag. I kvar bok blir vi kjend med ein ny tidsepoke og ei ny dotter. Hovudpersonen i kvar roman er ei Frøya-datter – i alt blir det sju døtre og etter kvart sju bøker.

I foredraget får vi sjå bilete og høyre om arbeidet ho har gjort med forskning på mektige kvinner i nordens historie, om vikingtid, vulkanutbrudd og heksebrenning.

Onsdag 16. september kl. 19.00

PÅMELDING

Arrangement med påmelding:
Ring 61 21 62 20 eller send epost til
bibliotek@nord-fron.kommune.no



Program for skule og barnehage

Konsert: Flamingo - Even Jenssen m/band

Even Jenssen ga nyleg ut barneplata Flamingo, og no tek han med seg musikken til biblioteket for å spele konsert!

For 2. klasse.

Måndag 28. september kl. 10.30



Monsterhistorier

Sarah les monsterhistorier.

Veke 42-44

For inviterte klasser.



Rett på sak: Marta Breen / Født fri

Boka "Født fri" av Marta Breen tek leseran med på ei fascinerende og tankevekkande reise gjennom religionanes innverknad på kvinners friheit.

Støtta av Norsk Litteraturfestival og DKS Innlandet.

For 9. klasse.

Tysdag 27. oktober kl. 12.00

Bokprat

Alle i 3. klasse blir invitert til bokprat i løpet av oktober.

Klassebesøk og høgtlesing

Klassar og barnehagar kan kome på besøk til oss for å låne bøker og bli lest for. Ta kontakt med oss fyrst, så vi får sett av tid til besøket.



Utstillingar

Barnas bokveke: Utstilling

Elevar i 2. klasse i Nord-Fron visar fram ulike ting dei har laga knytt til temaet litteratur.

Veke 40-43



Måleriutstilling

Salsutstilling ved Fron Målarklubb.

Desember

Digitale tenestar




Bibliofil: Bibliotek-appen

- Digitalt lånekort: Ha alltid lånekortet lett tilgjengeleg.
- Min side: Få full oversikt over kva du har lånt, forny lån og bestill/reserver bøker.
- Digitale tenester: Enkel tilgang til bibliotekets digitale tilbud.

Filmoteket

Filmoteket er bibliotekas filmstraumeteneste. Her kan du låne både norske, europeiske og internasjonale filmar for alle aldre. Du kan låne inntil 8 filmar kvar måned.



Flipp og Pressreader

To apper og nettstader som har hundrevis av avisar og tidsskrift frå Noreg og resten av verda, t.d. Aftenposten, Hjemmet og Donald. Du får lettast tilgang gjennom Bibliofil, logg inn og gå til "digitale tjenester".



Kino på biblioteket: Salmer fra kjøkkenet

På starten av 50-talet kjem det 12 feltobservatørar frå Stockholm til den vesle bygda Landstad i Noreg, med sitt overskot av ugifte menn, for å studere einslege menns kjøkenrutinar.

Filmen fekk Amanda-prisen for beste norske kinofilm i 2003.

Komedie. 1t, 32 min.

Onsdag 14. oktober kl. 19.00

Skuespillerkompaniet Panodrama presenterer:

Vi er samlet her i dag

Sverre Spjotum er forfattar av teaterstykket "Vi er samlet her i dag" saman med Joakim Hovde Oppi. Manuset skal dei sjølve presentere på Nord-Fron bibliotek som ei "iscenesatt lesning"; der dei saman med tre andre skodespelarar vil tolke karakterane og fortelje historia gjennom å lese manus.

Dette er fyrste gong teksten visast for eit publikum.

"Vi er samlet her i dag" handlar om korleis vi i

fellesskap kan finne håpet i ei håplaus tid.

Stykket er skriva med støtte frå Dramatikkens hus.

Onsdag 4. november kl. 19.00



Panodrama

Bærekraft og beredskap

Foredrag: Knut Evensen ved Norges Bondelag

Korleis kan vi få meir heilheitleg bærekraftig matproduksjon? Korleis er vi som lokalsamfunn, bedrifter og enkeltpersonar førebudd for kriser og krig? Norges Bondelag er oppteke av å byggje beredskap i rolege tider, og at eit aktivt landbruk i heile Noreg sørgar for desentralisert beredskap. Foredraget vil og ta for seg kva du som enkeltperson kan bidra med.

Støtta av Innlandet fylkesbibliotek

Onsdag 18. november kl. 19.00



PÅMELDING

Program for familiar og barn

Magiens verden

PÅMELDING

Trylleshow med magikar Daniel Larsen

Eit magisk trylleshow for heile familien fylt av humor og overraskingar!

Fredag 18. september kl. 17.30



Haustferie på biblioteket

Vær med på morosame og kreative aktivitetar på biblioteket i haustferien!

Veke 40 og 41


Kosedyrovernatting på biblioteket

Frå fredag 30. til laurdag 31. oktober tek vi imot kosedyr på overnattingsbesøk! Det blir innsjekk, kveldsstell og aktivitetar for bamsane, og vi passar på at alle får ei fin overnatting.

På laurdag kan barna hente att kosedyret sitt, og få med ein liten rapport med bilete frå overnattinga. Kanskje feirar vi Halloween med bamsane i år?

Bamseinnlevering:

Fredag 30. oktober kl. 15-17



Sølvendene

PÅMELDING

Teaterforestilling med Askeladden Friteater

I «Sølvendene» møtar vi Askeladden på veg til slottet, for der har han nemleg høyrte at han kan skaffe seg arbeid. Men Kongen er ingen enkel mann, og vil at Askeladden skal dra til trollet og stjele eit sengeteppe, ei gullharpe og til slutt trollets sølvender.

Passar for barn frå 3 år og oppover.

Laurdag 14. november kl. 14.00



Kino på biblioteket: Husnissene

Husnissane har i mange år levd eit skjult liv under bakken, men no har den vesle husnissejenta Elfrid bestemt seg for å sjå kva meir livet har å by på.

Tillatt for alle. 1 t, 18 min.

Laurdag 12. desember kl. 13.00

Kom i julestemning på biblioteket

I desember innreier vi eit koseleg julerom her på biblioteket, kor barna kan lese juleforteljingar, skrive brev til julenissen og fargelegge julekort.

Barnehagar og skular kan be om høgtlesing i julerommet vårt i heile desember.



Arrangement med påmelding:
Ring 61 21 62 20 eller send epost til
bibliotek@nord-fron.kommune.no